



Foto: Skarv Studio

INFORMASJON TIL KUNDAR

Næringsrenovasjon



Arket inneheld informasjon om faktorar det er viktig å ta omsyn til ved utplassering av avfallsbehaldarar.

Det er kunden sitt ansvar å etterfølgja punkta.

Renovasjonstenesta kan gje råd og rettleiing.

Kontakt oss på:

48 27 87 33

renovasjon@
ullensvang.kommune.no



Brannsikkerheit

Iht. forskrift om brannførebygging §2-1, første ledd, skal eigar av eitkvarat brannobjekt sørge for at bygget er utstyrt og holdt ved like i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebyggjing av brann.

Med brannobjekt meiner ein einkvar bygning, konstruksjon, anlegg, opplag, tunnel, verksemd, område m.m., der brann kan oppstå og true liv, helse, miljø eller materielle verdiar.

Ovannemnde regelverk inneber at det er eigaren av eit brannobjekt, offentleg eller privat, som har ansvaret for å sikre objektet mot brann.

For å unngå brann set forsikringsselskapa krav i forsikringsavtala til plassering av avfallsbehaldarane.

Ofte ligg kravet på minst 5 meter frå yttervegg, men kravet kan variere noko.

Dersom avfallet oppbevarast i brannsikre behaldarar kan behaldarane plasserast nærmare. Vi oppfordrar til at verksemda di sjekkar krava i gjeldande forsikringsavtale for det bygget som avfallsbahaldarane skal plasserast i nærleikan av.

Dersom ein får problem med å ivareta minsteavstanden som krevjast i forsikringsavtalen, kan Ullensvang kommune tilby brannsikre behaldarar. Sjå svarskjema for næringsrenovasjon.



Luktulemper

Tiltak for å redusera luktulemper er å ikkje plassera behaldarar som innhold organisk avfall i nærleiken av bustader, private eller offentlege hagar/uteplassar eller i nærleiken av vindauge som kan nyttast til lufting og/eller luftinntak for ventilasjonsanlegg. Ein bør også forsøkje å plassere behaldarane så skuggefullt som mogeleg.



Foto: Skarv Studio



Estetisk inntrykk

Tiltak for å gje avfallsbehaldarane eit best mogelg estetisk inntrykk må vurderast opp mot nærmiljøet dei er plasserte i. Ein bør leggje større ressursar i estetiske tiltak dersom behaldarane plasserast i nærleiken av eit inngangsparti, enn dersom dei plasserast i ein bakgård.

Estetiske tiltak for behaldarar som blir eksponert for innsyn kan være i byggje dei inn, setje opp gjerde eller beplantning rundt behaldarane.

Snøbrøyting og tilkomst

Ved plassering av behaldarane er det viktig å vurdere omsyn til snøbrøyting og tilkomsten for renovatøren. I denne samanhengen er det anbefalt å rádføre seg med brøytemannskap og renovatør. Det er næringskunden sitt ansvar å sørge for brøyting av oppsamlingsplass for eiga avfal.

Born si sikkerheit

Ved plassering av behaldarane bør følgjande forhold takast hand om med tanke på borna si sikkerheit:

- Tilkomsten til behaldarane må vera oversynleg slik at førarar av alle køyrety har god sikt når dei anten skal levera/henta avfall, eller anna.
- Skråningar må sikrast med gjerde eller liknande for å sikre at ikkje behaldarar kan kan trille eller velte ut i skråninga.
- Plassen der behaldarane står må vere så plan som mogleg for å hindra at ein kan misse kontroll over ein behaldar ved forflytning av denne.

Vindeksponering

Ved plassering av avfallsbehaldarane er det viktig å gjere ei vurdering med tanke på vindeksponering. Ved sterk vind vil plastbehaldarane kunne velte eller loket kan opne seg. Avfall kan med dette verte teken av vinden og valde person- og materielle skader. Tiltak mot vindeksponering vil vere å skjerma behaldarane best mogeleg, sikre loket slik at det ikkje kan blåse opp, og forankre behaldarane inn mot eit gjerde eller liknande.

Farleg avfall

Verksemder der det kan oppstå farleg avfall, skal levere dette til den som etter §11-6 og §11-7 i Avfallsforskrifta kan handtere avfallet. Farleg avfall skal leverast minst ein gong pr. år. Plikta inntrer allereie når total mengde farleg avfall overstig 1 kg.

Ved nedlegging av verksemder eller driftsstans over 3 månadar vil leveringsplikta finne stad med det same.

Kommunen skal sørge for at det eksisterer eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av farleg avfall frå hushaldningar og verksemder med mindre mengder farleg avfall i kommunen. Plikta er begrensa til mottak av inntil 1 000 kg farleg avfall totalt pr. år pr. eigar av avfallet.

Farleg avfall frå næring skal vere deklarert digitalt i avfallsdeklarering.no før avfallet blir levert. Næringskunder kan gje kommunen fullmakt til å deklarere farleg avfall om ynskjeleg. Levering av større mengder må avklarast med kommunen i forkant.